



Til
prestar og prostar, sokneråd, kyrkjeleg fellesråd, bispedømmeråd og biskopar

Kyrkjeleg medverknad ved ei gravferd som vert avslutta med kremasjon og spreining av oske - ei rettleiing

Bakgrunn

Kyrkjemøtet 2012 (KM 9/12) handsama spørsmålet om «Kyrkjeleg medverknad ved gravferd som vert avslutta med kremasjon og spreining av oske».

Bakgrunnen for dette var mellom anna at Stortinget vedtok endringar i gravferdslova 8. juni 2011, og tok ut av gravferdslova avsnitt som omhandla Den norske kyrkja sin medverknad ved oskespreining, jf. rundskriv P-15/2011.

Eit notat om kyrkjeleg medverknad ved oskespreining blei sendt ut på høyring hausten 2011 og deretter sendt til Bispemøtet, før saka blei lagt fram for Kyrkjemøtet i april 2012. Rundskrivet gir ei kort rettleiing om oskespreining og korleis oskespreining kan gjennomførast med kyrkjeleg medverknad på bakgrunn av vedtaket i Kyrkjemøtet.

Kyrkjemøtet gjorde følgjande vedtak:

1. Kirkemøtet tar til etterretning Bispemøtets uttalelse om at det ikke er læremessig grunnlag for å avvise kirkelig gravferd som etterfølges av askespredning, og at det heller ikke er læremessig nødvendig å avvise kirkelig medvirkning ved selve askespredningen.
2. Kirkemøtet mener at kirkelige ansatte kan medvirke ved en gravferd som etterfølges av askespredning og ved selve askespredningen.

Prester og andre kirkelige ansatte kan reservere seg mot å delta ved askespredningen, og eventuelt i gravferden forut for denne.

3. Kirkemøtet ber om at det utarbeides en veiledning som uttrykker en kristen livstolkning, til bruk ved askespredning.
4. Alminnelige bestemmelser, pkt. 6 nytt første ledd skal lyde:
Når det ønskes kirkelig medvirkning ved gravferden, skal den som sørger for gravferden gi melding om gravferden skal etterfølges av kistebegravelse eller kremasjon.

Tidligere 1.-5. ledd forskyves til 2.-6. ledd

5. Ordningen trer i kraft fra det tidspunktet Kirkerådet bestemmer.

Ikrafttredelse

Kyrkjerådet har på sitt møte 27 - 28. september 2012 vedteke at ordninga trer i kraft frå 1. januar 2013.

Kort rettleiing

Det er ikkje mange som har erfaring med oskespreiing i Den norske kyrkja. Kyrkjerådet finn det difor naturleg å gje ei kort rettleiing om denne forholdsvis nye skikken som Kyrkjemøtet no har opna for at kan skje med kyrkjeleg medverknad.

Fylkesmannen sitt ansvar

I gravferdslova § 20 er det opna for at fylkesmannen kan gje løyve til at den som skal sørgje for gravferda kan spreie oska etter den avlidne for vinden. Fylkesmannen kan setje nærare vilkår for løyvet. Det er i forarbeida og i seinare presiseringar til denne føresegna gitt generelle føringar om kor oskespreiing kan skje. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sendte 18.12.2012 eit rundskriv P-8/2012 til fylkesmennene [Veiledning vedrørende saker om spredning av aske](#). Vilkåra har inntil no vore at oska kan spreiest på høgfjellet, på opent hav, på fjordar, på store innsjøar og i store skogar, men ikkje ved hus, hytter og der folk ferdast eller der ein kan vente busetjing. Det er heller ikkje lov til å markere staden der oska vert spreidd med noko form for gravminne.

Departementet har no opna for at oskespreiing kan skje på fleire stader enn tidlegare. Mellom anna er det opna for at oskespreiing kan skje «i elver, vassdrag og øvrige ferskvann i områder med tilstrekkelig øde preg» og at ein kan nytta ei ordning «med at urner av lett oppløselig materiale senkes i sjøen, framfor at asken spres på havet». Vidare er det opna for at når det gjeld spreieing over land, bør ein kunne tillate «i områder som ikke er bebygde, og der området har et øde preg» og at oska «kan spres i øde skogsområder» men ikkje i populære utfartsområder. Det er understreka at oskespreiinga skal gå føre seg i sømelege former og på eigna stader.

Departementet meiner det óg er ønskjeleg med meir heilskapeleg praksis over heile landet og peiker óg på behovet for kontrolltiltak for å sikre at spreieinga går føre seg i samsvar med løyvet.

Vilkåra som fylkesmennene eventuelt har fastsett kan variere, og ein bør difor kontakte fylkesmannen når oskespreiing skal skje med kyrkjeleg medverknad. Ofte vil gravferdsbyråa på staden ha kjennskap til dei vilkår som gjeld.

Den kyrkjelege tradisjon

I den kyrkjelege tradisjonen har kistegravferd vore den normale gravferdsforma. Kremasjon har i løpet av dei siste tiåra blitt meir og meir vanleg, og urnene er då sette ned på gravplassen. Oskespreiing blei først lovleg i samband med endringar i gravferdslova i 1996, men det blei då ikkje opna for kyrkjeleg medverknad, jf. gravferdslova § 9 siste ledd (sjette ledd) halde saman med § 20 anna ledd siste punktum. Kyrkjeleg medverknad kunne berre skje dersom gravferda skulle bli avslutta med

kistegravferd eller kremasjon og urnenedsetting. Desse føresegnene er no tekne ut av gravferdslova.

Kyrkjemøtet har fastsett *Ordning for gravferd* som nyttast for alle som ber om kyrkjeleg gravferd. Det heiter i ordninga at gravferd etter kyrkja si ordning er ei kyrkjeleg handling av gudstenesteleg karakter, der kyrkja gjennom handlinga uttrykker det grunnleggjande i den kristne trua, trua på den lekamlege oppstode og håpet om evig liv.

Prestens samtale med dei pårørande

Det vil vere naturleg at prestane og andre kyrkjelege medarbeidarar tek opp ulike spørsmål omkring gravferd med dei pårørande, for eksempel spørsmål om sjølve gravferdsseremonien, og spørsmål om kistegravferd, kremasjon og gravstad, gravminne.

Reservasjon mot medverknad ved gravferda

Kyrkjemøtet har opna for at tilsette kan reservere seg mot å forrette i ei gravferd som skal bli følgd av kremasjon og oskespreiing. I slike tilfelle må ein sørgje for at ein annan prest/tilsett innafør tenestedistriktet kan forrette gravferda. Lokale ordningar for dette vil det vere prosten eller vedkommande arbeidsgjevar som har ansvar for å få utarbeidd, jf. tenesteordning for kyrkjelydsprestar § 10.

Kyrkjeleg medverknad ved sjølve oskespreiinga

Kyrkjemøtet har opna for at det kan vere kyrkjeleg medverknad ved sjølve oskespreiinga. Kor mange som vil ønske det, er det vanskeleg å seie noko sikkert om. Sannsynlegvis vil det vere få som kjem til å nytte ordninga, og enno færre som vil be om kyrkjeleg medverknad ved sjølve oskespreiinga.

Dersom oskespreiinga skal gå føre seg langt frå bustaden til den avlidne, vil det av ulike grunnar vere problematisk å ha kyrkjeleg medverknad, og det vil ikkje vere ei plikt for presten eller annan kyrkjeleg tilsett å medverke. Ein eventuell medverknad må løysast lokalt i forståing med prosten eller vedkommande arbeidsgjevar. Nærare føresegner for dette bør ein utarbeide lokalt der det er behov for det. Kyrkjerådet vil på bakgrunn av erfaringar vurdere om ein bør utarbeide nærare føresegner for dette.

Ved eventuell kyrkjeleg medverknad ved sjølve oskespreiinga, legg ein til grunn at det er dei pårørande som må dekke utgiftene til presten eller annan kyrkjeleg tilsett. Eventuell betaling skjer innanfor dei ordningar og satsar som er fastsett av bispedømmeråd og kyrkjeleg fellelsråd.

Ordning for sjølve oskespreiinga

Bispemøtet har foreslått at det blir utarbeidd ei rettleiing til bruk ved den kyrkjelege medverknaden. Det er inntil vidare ikkje sett i gong eit arbeid med å lage eller innhente aktuelle tekstar og element til ein enkel liturgi. Inntil vidare meiner Kyrkjerådet at ein bør nytte tekstar som allereie blir nytta i samband med gravferd og *Ordning for urnenedsetting* som ein finn i Gudstenestebok for Den norske kyrkja Del II.


I rettleiinga heiter det her at «*urnenedsettelse brukes der det er ønske om det, og vanligvis er det ingen kirkelig medvirkning ved denne handling*». Det heiter vidare at «*den som er anmodet om å foreta nedsettelsen, kan bruke hele eller deler av ordningen.*» Ordninga har følgjande hovuddelar: Salme, nedsetting, skriftlesing, Herrens bøn, velsigning og salme. Kyrkjerådet tilrår at dette også vil vere normalordningaved oskespreiing.

Oslo, 18. januar 2013


Med venleg helsing

Jens-Petter Johnsen

Direktør



Gerd Karin Røsæg



Assisterande direktør

Kopi: Den norske kirkes presteforening.
Fagforbundet teoLOgene
Det Norske Diakonforbund
KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon
Bispemøtet
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet
Fylkesmennene